



Valle Idrottslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2017

Styret i Valle IL legg med dette fram årsmelding for aktivitetsåret 2017.

Styret

Styret har i 2017 hatt fylgjande samansetning:

Anne Liv Lidtveit	leiar
Cecilie Breive Haugen	nestleiar
Gunnar Brottveit	kasserar
Lise Fosså	skrivar
Bjørgulv Sverdrup Lund	
Anne Madeleine Axelssen	
Elisabeth Spockeli	
Vilde K. Homme	ungdomsrepresentant

I løpet av 2017 har styret hatt 6 møter.

2017 har vore prega av drift, utan store særlege arrangement eller prosjekt. Dette har også vist seg i styrearbeidet, der ein i stor grad har hatt fokus på å straumlinjeforme det som blei starta på i 2016. Dette betyr at ein har gjennomført utbetalingane av stønadar og godtgjeringar i desember som vedtatt. Rekneskapet er med det meir straumlinjeforma og logisk samanlikna med budsjett.

Ein vil halde fram fokuset i 2018 på utviklinga av reglement og retningslinjer som gjer drifta av idrettslaget lettare og meir oversiktleg for alle.

Bruk av sosiale media er viktig i eit idrettslag, så også Valle IL. Vi er til dels gode på bruk av facebook, men kan bli betre på heimesida. Særleg gjeld dette bruk av heimesida som eit verktøy for medlemmane, med informasjon, linkar og anna nyttig som er praktisk er samla ein plass.

Ein av våre viktigaste bidragsytarar er trenarane, og som eit forsøk og ønskje om å sette meir pris på dei, blei det arrangert eit trenarmøte i juni 2017. Her fekk trenarane litt informasjon om kva som skjer framover, ein fekk diskutert nokre utfordringar som vi ser, og alle trenarane fekk utdelt

gåvekortet som takk for innsatsen. I tillegg hadde vi ein god middag på Sølvarden. Eit vellykka møte som vi ser for oss skal bli årleg.

Valle IL er invitert til å ta del i strategiarbeidet til Brokke AS. Dette er særleg med tanke på utviklinga i Brokke-området dei neste åra, ei utvikling som vil påverke idrettslaget. Erling Sagneskar er med i dette arbeidet på vegne av Valle IL, men arbeidet er så vidt i gong med ei samling i januar 2018.

I samarbeid med Bygland IL og Otra IL har vi i 2017 hatt ein felles aktivitetsplan. Dette inneber at vi samlar arrangementa våre slik at vi ikkje legg arrangement til same helgene. Planen fungerte bra i 2017, og blir vidareført og forbetra i 2018.

Valle idrottslag har ca 450 medlemmar registrerte.

Klubbhus

Årsmøtet 2016 vedtok at Valle IL skal bygge klubbhus på Valle stadion for eiga rekning. Spelemiddelsøknaden blei sendt inn hausten 2016, men vi fekk ikkje pengar fyrste år. Søknaden er derimot godkjent.

Ein av sponorane våre, og samarbeidspartnarar i bygginga av klubbhuset gjekk konkurs på våren 2017. Vi må derfor finne ny entreprenør og innhente ny pris på grunnarbeidet.

Arbeidet med klubbhuset visar seg å vere vanskeleg å drive fram. Mange ønskjer klubbhus, men ein saknar engasjement til å faktisk få det bygd. Det er truleg mange som vil kome til å stille på dugnad når den tid kjem, men ein treng også planlegging og arbeidsgruppe før og undervegs. For at klubbhuset skal realiserast må engasjementet aukast blant medlemmene og særleg fotballgruppa.

Aktivitet gjennom året

Laget har fylgjande grupper: Ski, friidrett, sykling, barneidrett og fotball. Laget er vidare registrert med klatreguppe, handball og gang- og turmarsjgruppe. Ein har også starta opp med andre aktivitetstilbod, mellom anna kampsport og turn. Kampsporten måtte dessverre avsluttast på hausten på grunn av trenarmangel, men turn held fram med godt oppmøte.

For styret er aktivitet det aller viktigaste. Ein prøvar derfor å legge til rette for variert aktivitet frå barnehagealder til ungdomsskulen. Det er sjølvstøtt ei utfordring at vi ikkje er fleire enn vi er, og dette speglar seg også i tilgang på trenarar. Derfor er det særleg viktig at fleire foreldre engasjerer seg, både som trenarar, men også som lagleiarar o.l.

I løpet av 2017 har vi i tillegg til faste treningar gjennom året også arrangert aktivitetar av meir ad hoc karakter, mellom anna yoga med Jimmi Lau, i tillegg til dei faste arrangementa som Sprekleiken og Bispeveg marsjen.

Idrettslaget ønskjer å vere ein bidragsytar til ei aktiv fritid for både barn og vaksne i Valle.

Fotball

Ein har aktive fotballgrupper frå 2. – 10. klasse, og er såleis den største undergruppa i Valle IL. Fotballgruppa har i 2017 arrangert Tine fotballskule i mai og Valle Sparebankcup i september, i tillegg til og ha ei avslutning på hausten då sesongen var over.

Alle gruppene har hatt 1-2 treningar i veka gjennom heile året. Ei av gruppene har vore med i seriespel denne sesongen (gutar 11 år).

Av viktige cupar som Valle IL har vore med på, kan nemnast Sør Cup i Kristiansand i juni. Ein har også vore med på fleire lokale og regionale cupar. Dette er viktig for å motivere spelarane gjennom året.

Fleire av spelarane på laga har utanlandsk opphav, og er med det ein viktig arena for integrering. I tillegg har ein også spelarar frå Bygland og Bykle på nokre av laga.

Etter sesongslutt hadde me avslutning med pølser, brus og kake ved Valle stadion. Dette var eit svært positivt tiltak, som både barn og vaksne sette stor pris på.

Arild Aabø
Fotballgruppa

Skigruppa

Sesongen 2016/2017 starta bra, med treningar allereie før jol. Men så forsvann snøen, og vi måtte avlyse treningar og flytte eit Øvre Setesdals Cup-renn til Bykle. Vi har likevel ein aktiv gjeng som møter på trening i lysløypa kva onsdag. Her har vi treningar for alle aldrar på same tid vinteren igjennom.

I starten av februar arrangerte skigruppa Brokke Mini Tour, men rundt 100 deltakarar både laurdag og sundag. Grunna snømangel i skibakken blei det ikkje arrangert bakkeløp, men eit klassisk skirenn på laurdag og eit skøyterenn på sundag i lysløypa. Dette var så vellykka at ein satsar på å bruke lysløypa som utgangspunkt også til neste år.

Vi er heldige og har to aktive løparar på høgt nivå, Elin Uppstad og Aron Åkre Rysstad. Begge to har hatt god framgong etter at dei starta på Hovden skigymnas. Np er dei i gong med siste ordinære skuleår på Hovden, og vi gleder oss til å fylgje utviklinga vidare – sesongstarten vitnar i alle fall om at det kan bli ein moro vinter!

Solveig Kyrvestad
Skigruppa

Barneidrett

I løpet av våren hadde barneidretten ski på planen, og ungane blei oppfordra til å vere med på skitrening i Brokke.

Hausten 2017 gjorde ein enkelte grep for å styrke barneidretten, og gi barna ei felles plattform for aktivitet og idrett. Fotballgruppene starta frå 2. klasse, slik at alle barna i 1.klasse møttest i barneidretten, mange for fyrste gong. I løpet av hausten var ungane innom fleire idrettar, og dei

vekene Stig på Folkehøgskulen var tilgjengeleg, hadde vi turn på planen.

Nytt frå hausten var også Idrettsleik for barn i alderen 0-6 år. Desse får vere saman med føresette i hallen ein time, samtidig med barneidretten. Her er det fokus på leik og moro. Tilbodet har vore positivt.

Det har vore positivt å samle aktivitetane på denne måten, det ser ein på talet på ungar på barneidretten som i haust har lege stabilt oppimot 20 ungar.

I tillegg til vanleg barneidrett har vi hatt to familiekveldar; ein akekveld på Harstad i samarbeid med Bygdekvinnelaget, og ein lyktetur til Trollskogen. Dette er kveldar med svært godt oppmøte, og der barn og vaksne kosar seg i lag ute i naturen.

Sigbjørg Næss
Barneidrett

Samtrenting

Samtrenting var årets nyvinning på treningsfronten. Etter at fotballsesongen var over til haustferien, gjorde ein endringar for aldersgruppa 5. – 10. klasse. Ein kutta ei fotballøkt i veka, slik at også trenarane fekk litt kvile med berre ei trening, og innførte det vi kalla samtrenting.

På samtrenting samla ein alle i 5. -10. klasse til ei basisøkt, med fokus på styrke, koordinasjon, spenst og hurtighet, og kondisjon. I tillegg til Erling Sagneskar og Anne Liv Lidtveit, var vi heldige å få bruke Stig frå folkehøgskulen på desse øktene. Han har erfaring med slik type trening frå Olympiatoppen. Treninga har vore positiv, med mellom 25-30 ungar på kvar trening. Aldersspennet verka som det gjekk bra, det viktigaste var at ein utfordra seg sjølv på kvar økt. Ein vil ha ei liknande trening til hausten.

Anne Liv Lidtveit og Erling Sagneskar
Initiativtakarar og trenarar

Sesilåmi

Sesilåmi gjekk av stabelen i midten av mars i noko skiftande ver. Ein ser at folk ventar lenge før dei melder seg på, men alt i alt var det rundt 800 på start. Etter år med dårleg økonomi og lite utbetalingar til klubbane, fekk vi i år utbetalt kr 75.000,-.

Ein ser utfordringar med å få folk til å vere i hovudstyret. Tor Viki har tatt på seg oppgåva dette året, men ein må nok tenke seg at ein finn nokre andre til å overta stafettpinnen på denne sida av fjellet. Vidare har vi fått ein rennleiar som er engasjert og som har tru på Sesilåmi. Det lovar godt for framtida, men ein har ein stor jobb å gjere for å skaffe sponsorar.

Tor Viki
Sesilåmi

Møykjeromet

Me har aktivitetar som spinning, styrketrening og step.

Det er jamt over stor aktivitet i Møykjeromet. I tillegg til dei timane med spinning, styrketrening og step er styrkedelen av romet i bruk kvar dag, og det er ofte mange folk på trening. Det er bra.

Det er etter opprustinga dei siste åra blitt eit velfungerande styrketreningsrom, med mesteparten av utstyret ein treng. Det er ein noko utstyr som jamnleg må byttast ut pga slitasje med dette syner igjen god bruk, så det er vi glade for. I 2017 er det kjøpt inn minimalt med utstyr, så det er behov for ei viss oppgradering i 2018.

Det er jobba ein del med at ein skal rydde etter seg og bruke innesko for at trivslen og hygienen skal vere god i møykjeromet. Dette er noko vi tek opp innimellom og vil alltid jobbe med.

Det er gledeleg at bruken er så stor.

Caroline Rysstad
Møykjeromsgruppa

Turgruppa

Postkassetrimmen starta i juni, og haldt fram til september. Ein la til rette for 10 varierte turar. Det var god deltaking på postkassetrimmen.

Nytt av året var bruk av ein app kalla Trimpoeng. Då kunne deltakarane registrere seg, og så fekk ein poeng når ein «stempla inn» når ein var ved målet. Dette blei kjempepopulært både for vaksne og barn.

Sigbjørg Næss
Leiar turgruppa

Bispevegmarsjen

Bispevegmarsjen 2017 blei arrangert laurdag 12. august. Marsjen blei gått av nærmare 60 personar, noko som var nedgong frå 2016. Kva nedgongen skuldast er vanskeleg å vite, men dårleg ver gjennom sommaren og redsel for at det skulle vere svært vått og tungt over heia, må nok truleg ta ein del av skulda.

Samarbeidet med Fyresdal IL var betre enn året før, og dei har fått inn ei som er engasjert. Det lovar godt for framtidige Bispevegmasjar.

Anne Liv Lidtveit
Ansvarleg for Bispevegmasjen

Sprekleiken 2017

Igjen blei Sprekleiken ein stor suksess, med Mona og Dagfinn Enerly som føredragshaldarar. Dei heldt eit annleis føredrag, som gav oss alle noko å tenke over. Moro var det også at vi hadde rekordmange lag påmeldt, både barnelag og vaksenlag.

Sprekleiken var dette året ein del av kulturveka, og vi fekk gjennom dette gode promoteringar av arrangementet.

Cecilie Haugen
Leiar arrangementskomiteen

Color Line Setesdal Tour

Color Line Setesdal Tour blei arrangert som alltid i slutten av mai. Deltakartaler er synkande, og derfor blir også jobben med matstasjonen mindre – og gir mindre inntekter til idrettslaget. Det er likevel ein morosam dugnad for dei som er med, og kvart år er matstasjonen på Honnevje den beste!

Gunnar Brottveit
Ansvarleg for Honnevje matstasjon under Color Line Setesdal Tour

Aktivitet i gymsalen ved Hylestad skule

Kvar veke er det ulike aktivitetar for vaksne og ungdom over 15 år i gymsalen ved Hylestad skule. Aktivitetane er ikkje minst sosiale, så vel som god trening.

Bøy og tøy er ein ny aktivitet av året. Dette er ei styrkeøkt, der målgruppa er dei noko eldre. Det har vore godt oppmøte på alle treningane.

Volleyball har halde på i fleire år, og har jamt god oppslutning. Her er det ein god miks av damer og menn i alle aldrar. Sommarstid er treningane ute på sandvolleyballbanane på Rysstad når det er godt ver.

Innebandy er ein aktivitet som har vist seg å trekke både menn og damer. Her er det god driv kvar veke.

Badminton heldt på fram til sommaren. Etter ønskje frå nokre medlemmar fekk dei låne gymsalen til trening.

Damefotballen hadde godt oppmøte fram til sommaren. Hausten viste seg å vere noko vanskelegare å få i gong treningane, men er eit godt tilbod som vil halde fram i 2018.

Spinning og utesykling

Det har også gjennom året 2017 vert et jevnt godt oppmøte på spinning-timene.

Spinning-timene har gått 2 ganger pr. uke - med oppstart fra etter høstferien og som avsluttes til Påske. Vi har to faste instuktører, og er heldige og har fått tak i to vikarinstruktører. Det er bra!

Det har også blitt arrangert 3 timers langspinninger, blant annet 2. juledag. Har nå blitt litt "tradisjon".

I 2017 var også målet å sykle Color Line Setesdal Tour (CLST) for noen i spinninggruppa. Som før fortsatte vi derfor med fellestreningene ute på landevei etter påske. De fra Bykle/ Hovden kom ned og trente sammen med oss. Vi stilte med en blandet dame/herre 8 timers gruppe "Sykkel Sete Støl". Gruppa kom fornøyd i mål på Hovden, på rett under 7 t og 40 min.

Spinningsykkelparken var gammel og slitt, og det er planlagt investering av 15 nye sykler. Disse kommer i starten av februar 2018. Alle spinnere gleder seg – og vi takker Valle IL for oppgraderingen!

Elin E. Viki
Sykkelgruppa

Styret i Valle IL vil takke medlemmane i dei ulike gruppene, trenarane og tillitsmenn elles for framifrå arbeid i året som har gått. Me vil også takke alle sponsorane, og særleg hovudsponsor Valle Sparebank for god stønad og godt samarbeid.

Me vil takke anna næringsliv som syner stor velvilje med stønad og sponsoravtalar.

Valle 11. februar 2018



Anne Liv Lidtveit
styreleiar



Cecilie Breive Haugen
nestleiar




Gunnar Brottveit
kasserar



Lise Fosså
Skrivar



Bjørgulv Sverdrup Lund
Styremedlem



Elisabeth Spockeli
Styremedlem



Vilde K. Homme
ungdomsrepresentant

Anne Madeleine Axelsen
Styremedlem